

**Fra:** arild@aasegarden.no  
**Sendt:** onsdag 19. mai 2021 12:55  
**Til:** Postmottak Alver; Postmottak Alver; Øystein Hafnor Kolstad; Tommy Veland  
**Emne:** Feil bredde registrert i nordhordlandskart for grenser i kommuneveg på Aase i Alver kommune

Hei

Hausten 2020 tok eg kontakt med landbrukskontoret i Alver kommune for å finne ut kvifor kommunene har laga grensestrekane på den kommuneale vegen breiare enn kva som er gjeldande. Kommunene har satt opp bredder på kartet som tilsvarer opp mot 7 meter, medan vegbredda er tinglyst til 2,5 meter og skulder. Dette meiner eg er gjort som ei snikeskpropiasjon eller at dei som har laga karta ikkje har vist kva dei driv med. Konsekvensen for meg er at eg har dyrka mark fleire hundre meter langs vegen og at dette då påverker mitt slåtteareal som har gått ned dei siste 10 åra på grunn av feil måling av kommuneveg. Landbruksdirektoratet held seg til målene som er målt i karta og dermed får eg mindre areal og tilskudd. Dette har pågått i over 10 år og mine henvendinger til landbrukskontoret om kvifor slåttearealet har gått ned, har berre vorte svart med at «kommunen no har bedre verktøy for å gjere oppmåling.

Feilen karta påverkar også meg som grunneigar på fleire måter, så ber om ei snarleg oppdatering etter riktig bredder.

Eg krev ei riktig oppmåling av heile den kommunale vegen gjennom Aase, sidan eg er grunneigar langs vegen. Eg ynskjer å delta på dette med kommunen. Eg krev ei riktig kompensering av tapt arealtilskudd frå vegbredda vart endra på kartet(siste 10 åra).

Desse kommuneale vegane er gamle private gardsvegar og er bygd opp for hand og har store kvalitetar. Eg ser at når det skal gjerast arbeid, grøfterens, bakkemurar osv på vegen, at det er liten kunnskap om avrenning, veiter under veg og eigarforhold utanfor vegbredda. Dette ynskjer eg at kommunen skal kjenne til og at det vert befaringer samman med grunneigar når det skal gjerast arbeid på og utanfor vegen.

Håper på svar snarast og på førehand takk.

Mvh  
Arild Aase